

Fra: Hilde Enstad[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 10.01.2022 08:47:27
Til: trilin@bjornafjorden.kommune.no[trilin@bjornafjorden.kommune.no]
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: FjordMetro

Hei Trine!

Viser til hyggeleg telefonsamtale i morges.

Som du er kjent med er snøggbåten for mange i Sunnhordland raskaste veg til Bergen, Flesland samt skular og arbeidsplassar internt i regionen. Saman med eit korresponderande busstilbod utgjer snøggbåten ei livsnerve til omverda. Tilbodet er og viktig for ei turistnæring i vekst. Ny motorveg mellom Bergen og Os, saman med offentlege krav om nullutslepp til mobilitet, opnar opp for spanande, nye moglegheiter for kollektivtilbodet i regionen når fylkeskommunen skal ha på plass nye snøggbåtkontraktar i 2023.

Kvinnherad kommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har difor teke initiativ til å sjå på rutetilbod, infrastruktur og teknologi med eit nytt blick, og jobbar for tida med å optimalisere rutekonseptet Fjordmetro. I dette konseptet er Bjørnafjorden (Os) peika ut som eit viktig knutepunkt mellom snøggbåtar i den indre og sørlege delen av Sunnhordland og Bergen. Det er difor særst positivt at Bjørnafjorden har teke initiativ til vidare dialog med Kvinnherad og Samarbeidsrådet om konseptet. Kvinnherad kommune støttar opp om ei eventuell innmelding av Fjordmetroen og kollektivknutepunkt Os på Bjørnafjorden si liste over prosjekt som vert spelt inn til Miljøløftet.

Konseptet Fjordmetro er meldt inn til RTP av Kvinnherad kommune og er ein del av arbeidet som Samarbeidsrådet for Sunnhordland jobbar med i høve til å optimalisere kollektivtilbodet i regionen. Uttale om snøggbåtruter og Fjordmetro er under arbeid og skal opp som sak i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det er viktig med eit godt samarbeid med Bjørnafjorden kommune, då kan begge regionane kome styrka ut. Kvinnherad kommune ser positivt på at Bjørnafjorden kommune vurderer å melde inn Fjordmetroen som prosjekt i Byvekstavtalen/Miljøløftet.

Venleg helsing | *Ordførar*

Hilde Enstad

Mobil: +47 906 80 352 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no



KVINNHERAD
K O M M U N E

Tenk miljø før du skriv ut!